

Sigmund Hatløy
Andresgt. 20
4016 Stavanger

07. 06. 2017

NVE, Konesjonsavdelinga,
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.: 201303334-14, 201204525-20, 201300241-18, Arkiv: 312/033.BA1.

Clemens Kraft AS – Tre søknader om løyve til bygging av småkraftverk i Hjelmeland og Forsand kommuner i Rogaland - Høyringsuttale.

Søknadene gjeld Storåna kraftverk i Årdalselva ovafor Nes i Årdal, Lyngsåna kraftverk i sidevassdraget Lyngsåna, og Sandvassåna kraftverk i sidevassdraget Sandvassåna.

UTTALE:

KORTTENKT, BRUTAL OG GRISK VASSDRAGSFORVALTING.

Stortinget vedtok i 1992 å endra vassdragsreguleringslova slik at eldre kraftutbyggingskonesjonar kunne reviderast etter 50 år. Føremålet var å retta opp miljøskadar, gi konsesjonsvilkåra ei form meir i samsvar med seinare konsesjonar, og å gi flest mogleg kraftprodusentar dei same konkurransevilkåra i kraftmarknaden.

Etter initiativ frå Årdal elveeigarlag sette Hjelmeland kommune i brev til NVE i 1998 fram krav om revisjon av Lyse Produksjon AS sin reguleringskonesjon for Årdalsvassdraget av 1948. Kravet vart støtta Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune, Direktoratet for naturforvaltning (nå Miljøverndirektoratet), Stavanger Turistforening, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Naturvernforbundet, m. fl..

I 2003 foreslo NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) ovafor Olje- og energidepartementet (OED) at Lyse Produksjon AS vart pålagt krav om å minstevassføring i Årdalsvassdraget.

Etter lang tids påtrykk frå mange hald vedtok OED i 2015 å pålegge Lyse Produksjon AS å sleppe minstevassføring frå Breiavaddammen slik at det alltid renn minst 1,5 m³/sek vatn om vinteren, og 3 m³/sek om sommaren ved Kaltveit i Årdal.

Eit vanleg krav ved kraftreguleringar nå er at minstevassføringa skal vera minst lik alminneleg lågvassføring før reguleringa. NVE sin Rapport 6/2006 "Estimering av alminnelig lavvannføring i umålte felt" viser at denne vassføringa i Årdalselva før regulering var 2.45 m³/sek ved Nes bru, og 3.4 m³/sek ved Kaltveit. Dvs. vassføring 2450 liter og 3400 liter vatn pr. sekund i elva.

Clemens Kraft AS søker nå om utbygging ovafor Nes bru, og seier i søknaden at alminneleg lågvassføring her er 86 liter pr sekund, og at denne vassmengda skal sleppast som minstevassføring forbi inntaksdammen i Hiavatnet og kraftstasjonen.

Clemens Kraft AS legg her heilt feil vassføringstal til grunn!

Alminneleg lågvassføring forbi Hiavatnet var før reguleringa over 2000 liter/sek, Lyse Produksjon AS er pålagt å sleppe 1500 l/s frå Breiavad lenger aust, mens Clemens Kraft AS vil redusera Lyse Produksjon sitt utslipp til berre 86 l/s i Hiafossane ned mot Nes bru.

Planane frå Clemens Kraft AS har også elles mange faktafeil, jfr. uttalen frå Stavanger Turistforening. I planane for Lyngsåna kraftverk vert det sagt om området ved Rykanfossen, fylkets nest største foss med fritt fall 52 meter, at området er stort sett trivielt.

Det vert også sagt at dei tre omsøkte kraftverka ligg i eit område sterkt prega av utbygde og planlagde kraftverk. Dette er feil!

Det einaste synlege inngrepet ved Storåna, Lyngsåna og Sandvassåna er veggen til Songesand med arm til Lyngsvatnet. Elles framstår heile området som eit særst variert, kontrastrikt og særst verdifullt vestlandsk naturlandskap. Området har stor utfart både sommar og vinter.

Turistruta og driftevegen langs Hiafossane er ei av dei mest trafikerte turistrutene i heile Stavanger Turistforenings rutenett, og eit svært mykje brukt dagsutfartsområde. Dette særst spesielle landskapet har stort potensiale for auka utfart. Fjellrekka langs nordsida av Hiavatnet har mange "preikestolar", ved sørsida av Hiavatnet finst ei kjempestor jettegryte. Her finst også "Hia-bolten", som er ein god kopi av Kjerag-bolten.

Tek ein vatnet vekk frå Hiafossane og Rykanfossen slik det er søkt om, vil det ikkje berre vera eit stort tap for det særst verdifulle naturlandskapet, og for norske naturverdiar generelt, men det vil også verta eit monument over korttenkt, brutal, og grisk vassdragsforvaltning.

Sigmund Hatløy

(pensjonert elveeigar og leiar for Årdal elveeigarlag 1989-2003)